



Faktaark

Kysttorsk nord for Stad *Gadus morhua*



Med kysttorsk nord for Stad meiner ein torsk som ikkje kan klassifiserast som nordaustarktisk torsk. Det omfattar såleis både det vi omtalar som fjordtorsk og det som ofte blir kalla vandrande kysttorsk, banktorsk eller oppsigstorsk. Mengda av kysttorsk i området Stad–russegrensa har minka klart sidan 1997. For å sikre gytebestanden har Det internasjonale råd for havforsking sidan 2003 tilrådd null fangst på kysttorsk. Tilstanden til denne er vurdert til Sterkt trua i forhold til risiko for kollaps i løpet av dei fem neste generasjonane (35 år).

Status

Kategori Sterkt trua (EN) på Norsk raudliste 2006

Kjenneteikn

Det som kjenneteiknar kysttorsken er at han er klekt og har vakse opp på kysten og i fjordane. Kysttorsken nord for 62°N omfattar fleire lokale stammar, frå den opne kysttypen som er den vandrande kysttorsken med gyting i til dømes Lofoten, Vikna og på Møre, til fjordtypen med eigne gyteplassar inne i fjordane. Kjenneteikna som blir nytt til å skilje kysttorsk frå nordaustarktisk torsk i praktisk forvalting er vekstsonene i øyresteinane (Rollefsen, 1933) og sin særegne genetikk (Berg *et al.*, 2005). Vandringsmønster og populasjonsparametre (vekst, kjønnsmodning etc.) kjenneteiknar også ein kysttorsk, og i mange tilfelle vil også utsjänad (kraftigare kroppsform) og parasittar skilje kysttorsken frå den nordaustarktiske torsken.

Utbreiing


Sjølv om det finst kysttorsk nord for 62°N som oppheld seg lenger til havs enn 12 nautiske mil frå kysten, er det området mellom 62°N og russegrensa, innanfor 12 nautiske mil frå kysten, som utgjer hovudområdet for denne bestanden.

Innanfor dette området er det meir kysttorsk i nord enn i sør, men den delen av total mengd torsk som er kysttorsk, er høgare i sør enn i nord, og høgare i fjordane enn utanfor fjordane.

Biologi

Kysttorsken veks hurtigare og blir tidlegare kjønnsmoden i sør enn i nord. Kysttorsken veks også hurtigare og blir tidlegare kjønnsmoden utanfor fjordane enn i fjordane. Gjennomsnittleg alder i den kjønnsmodne bestanden er ca. 7 år, noko som også blir rekna som bestanden si generasjonslengd. Nokre blir likevel kjønnsmodne allereie som 3–4 åringar.

Raudlista art



Tal på individ fanga per tråltime. Kartet er basert på alle registreringane av kysttorsk nord for Stad i Havforskningsinstituttet sine fiskedata i perioden 1932–2006.

Bestandsstatus

Bestanden av kysttorsk nord for 62°N er vurdert som Sterkt trua (EN) på grunn av pågående populasjonsreduksjon (50–80 % i løpet av dei siste 20 år), svak rekruttering/ylngelproduksjon og mangel på effektive reguleringstiltak. Det internasjonale rådet for havforsking (ICES) har enno ikkje vedteke kritiske grenseverdiar for denne bestanden, men alt tyder på at gytebestanden for tida er under ein tredel av det nivå kor rekrutteringa/ylngelproduksjonen blir redusert som følgje av for låg gytebestand (ICES 2005). ICES tilrår ikkje fiske på denne bestanden. Dagens reguleringar har ikkje klart å redusere fisket, og det blir framleis teke ut meir enn 30 000 tonn. I tillegg kjem fritidsfisket, og i mindre grad turistfisket. Kysttorskbestanden nord for 62°N er fragmentert i fleire populasjonar, og det er dei fjordpopulasjonane som er mest isolerte som også er i dårlegast forfatning.

Les meir om kysttorsk på Havforskningsinstituttet sine heimesider:
http://www.imr.no/aktuelt/nyhetsarkiv/2004/april/norsk_kysttorsk__historie_og_fremtid

